



Gonzalo Alejandro Correas Pernigotti
Kleivdalsvegen 49
5915 HJELMÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/15300 - 20/62251

Saksbehandlar:
Astrid Riise
astrid.riise@alver.kommune.no

Dato:
02.10.2020

Registrert fleire avvik i septiktank- gbnr 196/25 Midtgård

Tiltak: Utbetring septiktank
Byggjestad: Gbnr: 196/25
Tiltakshavar: Gonzalo A C Pernigotti

Alver kommune har den 09.09.2020 motteke melding frå Norva24 AS om at det ved tømning den 03.09.2020 vart registrert at septiktanken på eigedommen din, med adresse Kleivdalsvegen 49, 5915 Hjelmås manglar dykk utløp, at der er lekkasje frå tanken, og at tanken manglar forsvarleg lokk.

Når utløpet manglar dykk, vil slamog forureinande stoff bli leda ut av slamavskiljaren til pumpekum/fordelingskum eller direkte til infiltrasjonsfilter. Dette kan medføre stor fare for tetting av kum eller filter. Manglande dykk er ein feil som gjer at anlegget ikkje overheld rensekrava og kan i verste fall føre til at kloakk slår inn i bustaden eller renn ut av tanken.

Usikra lokk over tanken er ein fare for menneske eller dyr, som kan falle ned i kummen og bli sjuke. Ved lekkasje renn avløpsvatn ut i grunnen med fare for forureining. I ditt tilfelle er det stadfesta frå Norva24 AS at septikken renn rett ut i terrenget.

Når det er fare for forureining, skal den ansvarlege for forureininga sørgje for tiltak for å hindre at forureining skjer. Når forureining har oppstått, skal den ansvarlege sørgje for å stanse, fjerne eller avgrense forureininga, jf. forureiningslova § 7.

Tilstandane må utbetrast snarast. Frist for arbeidet vert sett til 20.10.2020

Dersom vi ikkje får inn skriftleg tilbakemelding om utført arbeid innan fristen, varslar vi samstundes at vi kan pålegge deg å utbetre forholdet og fastsetje tvangsmulkt med heimel i forureiningslova §§ 7 og 73.

Dersom du meiner at opplysningane våre ikkje er rette, eller at det fins andre grunnar til at du ikkje har plikt til å utbetre alle avvik, ber vi om at du tek kontakt med oss snarast mogleg og seinast innan fristen som er sett for utbetring av tilhøvet.

For å få utbetra eit avløpsanlegg må du kontakte eit godkjent rørleggarføretak. For tiltak som gjeld nytt lokk/lås eller liknande kan du sjølv utføra arbeidet.

Når lokk, dykk og lekkasjen er reparert, må du fylle ut vedlagte skjema for utført arbeid og returnere det til kommunen.

Skjema sender du til

- post@alver.kommune.no eller
- Alver kommune, postboks 4, 5906 Frekhaug.

Aktuelt regelverk:

- Plikt til å unngå forureining følgjer av forureiningslova § 7.
- Kommunen kan gje pålegg om retting og fastsetje tvangsmulkt med heimel i forureiningslova kapittel 9.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar på telefon 5637 5000 eller på e-post.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Astrid Riise
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Tilbakemelding om utført arbeid - Alver kommune

Mottakarar:

Gonzalo Alejandro Correas Pernigotti Kleivdalsvegen 49 5915 HJELMÅS